

## STADNAMN

### *Namn*

Dei viktigaste gruppene av namn er personnamn (førenamn og etternamn) og stadnamn. Her skal vi seie litt om stadnamn.

### *Stadnamn*

Som ordet seier, er eit stadnamn eit namn på ein stad, ein stad stor som ein verdsdel (Europa), eit land (Noreg, Norge), ein landsdel (Vestlandet), eit fylke (Rogaland), ein kommune (Suldal), eit bygdelag (Sandsbygda), ei lita grend (Hanakam) og ei mengd småstader i denne grenda: namn på myrar, haugar og bakkar osv. Dei siste namna finst det flest av, kanskje så mange som 5 millionar i heile landet.

### *Noreg*

Namnet på landet vårt vert anten skrive Noreg (nynorsk) eller Norge (bokmål). I vikingtida skreiv dei Norvegr, og du kan kanskje kjenne att dei to ledda i denne namneforma: nor trur ein er skrivemåte for 'nord' og vegr for 'veg', altså tyder landsnamnet 'vegen mot nord'. Og det skulle vel passe godt på landet vårt? Andre språk har liknande namn, som Norway, Norwegen, Norvège. Kva språk er dette? Kanskje nokon i klassen kjenner landsnamnet på fleire språk? Vietnamesisk, t.d.? På dansk og svensk heiter landet Norge, på islandsk Noregur og færøysk Noreg, i talemålet oftast Norra.

### *Vestlandet*

Dette namnet forstår du utan vidare, men det du kanskje ikkje veit, er at Vestlandet fram til ca. 1900 gjekk rundt heile Sørlandet og like til Arendal. Namnet Sørlandet har berre vore i bruk dei siste hundre åra.

Namnet Rogaland er over 1000 år gammalt, men så seint som i 1919 vart det teke i bruk som fylkesnamn, i staden for den danske namneforma Stavanger Amt. Rogaland tyder 'landet til rygene', etter eit folkeslag ryger som ein trur kom frå Nord-Tyskland. I dette fylket ligg Suldal, som også er eit eldgammalt namn, skrive Súladalir for 1000 år sidan. Tydinga er mest rimeleg 'dalen med sulene eller søylene', etter nokre stupbratte fjellsider i dalen.

### *Gardsnamn*

No nærmar vi oss bygde-Noreg der dei aller fleste stadnamna finst. Sandsbygda er bygda ovanom tettstaden Sand med namn etter 'sand, sandstrender'. Her ligg den 1000 år gamle garden Hanakam, og det er som du trur: Garden har namn etter ein taggete liten fjellrygg som liknar på kammen til ein hane! Slik er det med ei mengd stadnamn, dei er samanlikna med noko anna: ein rygg (Geiteryggen), ei aksel eller oksel (Aksla i Ålesund, Oksla i Vågå), eit hovud (Hovde, Hovden), ein nase eller ei nos (Nasafjellet i Rana, Nosi i Bykle), ein hals (Halsa i Meløy) osv.

### *Lokale namn*

Rundt omkring på Hanakam vil det liggje ei mengd med myrar, haugar, bakkar, lier, skorar, søkk, bekker, vatn, skogteigar, stølar eller setrar, fjell osv. Alle med kvart sitt namn som fortel noko om forma på staden (Stormyra, Brattebakken) eller det gamle arbeidslivet (Kvilsteinen, Slåtta der dei slø gras, Mjølkeplassen der dei mjølka kyrne osv.). Alle stader, små eller store, som bøndene trong seie noko om eller nemne når dei diskuterte arbeidet, måtte ha eit namn dei kunne bruke. Eit namn som alle kjenner, vil vere langt meir praktisk i det daglege arbeidet enn å uttrykkje seg slik: Kan du møte Kari ved den store steinen nedanfor

vegkrysset der setervegen møter skogsvegen? Kor mykje enklare er det ikkje å seie: Møt Kari ved Storsteinen!

### *Alderen på stadnamna*

Mange er opptekne av alderen på eit namn. Korleis kan vi vite at gardsnamnet Hanakam må vere 1000 år gammalt? Jo, dei fleste norske gardane er frå mellomalderen ca. 500-1500, og mange gardsnamn vart skrivne i dokument i hundreåra før 1500. Dessutan kan vi ofte sjå alderen på sjølve namnet.

### *Naturnamn*

Usamansette naturnamn som Vik, Nes og Ås kan vere minst 1000 år gamle når dei er i ubunden form som her, medan namn i bunden form, altså Vika, Neset og Åsen oftast ikkje er eldre enn nokre få hundre år.

### *Gamle namneledd*

Namn med leddet vin, som tyder 'naturleg eng, beite', er svært gamle, frå ca. år 0 til ca. 1000 e. Kr.: Granvin, Vinje, Vinju, Bryn (av Bruvin), Grini (av Granvin) osv.

Mest like gamle er namn med heim: Jessheim, Seim, Særheim, Askeim, Modum. Ikkje alltid kan vi utan vidare kjenne att leddet heim som i Modum.

Helland, Askeland og Løland endar på -land som ofte syner at dei vart laga i tida 500-1000.

Om lag like gamle er namn på stad: Stiklestad, Nannestad, Kyllingstad, Ferkingstad.

Over det meste av landet finn vi namn på bø eller by: Bø, By, Sørby, Hamrabø, Tranby, Vestby. Dei kan vere både eldre og yngre enn namn med land og stad. Orda bø og by tyder det same, nemleg 'gard'.

### *Svartedauden*

Over halvparten av alle nordmenn miste livet i svartedauden i 1349 og alle pestane som følgde i åra etter. Mange gardar vart liggjande aude og derfor kalla øydegard. Når dei vart rydda på nytt i tida etter 1500, fekk dei gjerne namnet Øygaard, Øygarden, Ødegård eller Ødegården. I Trøndelag brukte dei gjerne ordet aun om 'øydegard': Aune, Aunan. Desse gardsnamna er altså ikkje så svært gamle.

### *Nyrydding*

Etter kvart som folketalet voks framover mot 1800-talet, vart ei mengd nye gardar rydda i skogen, særleg på Austland. Dei fekk gjerne namn med rud (Rud), sve (Svea) eller brenne (Brenna), som alle seier noko om korleis garden vart dyrka: ved å rydde (rud), svi (sve) eller brenne skogen.

Vil du prøve deg? Kor gamle kan desse namna vere: Hallingby, Stalheim, Aurland, Karibrenna, Tonstad, Hjuksebø, Li, Haugen, Elvsvea, Sandvin, Dal, Storaune.

Lykke til!

Olav Veka